

Høyringsrapport

INNLEIING

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft var på høyring i mai og juni 2017. Basert på denne høyringa er det utarbeidd ein eigen høyringsrapport.

Planarbeidet i Hordaland har vore basert på brei medverknad frå regionale aktørar som har ei rolle på det kompetansepolitiske feltet. Desse aktørane har deltatt i styringsgruppe, arbeidsgruppe og temagrupper. I tillegg har Regionalt næringsforum (RNF) vore konsultert. Hordaland fylkeskommune har og arrangert eit dialogmøte i planprosessen.

I høyringa har det kome 18 skriftlege innspel frå kommunar, utdanningsinstitusjonar, næringsråd og politiske organ. Denne rapporten har i fyrste del ei overordna drøfting av dei mest vesentlege merknadene til planen, sortert etter kapittel i planen. I andre del er alle innkomne innspel kommentert.

DRØFTING AV INNSPEL

Kapittel 2

Hovudmålet for planen er «Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane». I høyringa kom det innspel om at planen burde ha styrking av næringslivet si konkurranseevne og bærekraft eksplisitt i hovudmålet. Det er eit innspel som er relevant, og som implisitt ligg som eit svar på kvifor hovudmålet er viktig. I endeleg planutkast er det lagt inn ein forklarande tekst kor målet blir satt i kontekst av målet om bærekraft og auka konkurransekraft for arbeidslivet; både offentleg og privat sektor.

Kapittel 3

Eit forpliktande samarbeid mellom dei regionale aktørane blir sett på som avgjerande for å kunne implementere planen. Her må det utarbeidast ein modell for korleis dette samarbeidet skal fungere i praksis. Hordaland fylkeskommune må i kraft av si samfunnsutviklarrolle ta ansvar for å leie dette arbeidet.

Det er foreslått fire strategiar for dette samarbeidet:

- Utvike eit samarbeid som dekkjer dei viktigaste sektorane i arbeidslivet og tar omsyn til geografiske skilnader
- Koordinere arenaer og aktivitetar knytt til utvikling av kompetanse og karriererettleiing i regionen
- Sikre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om noverande og framtidig kompetansebehov i arbeidslivet
- Systematisk bruk og fortolking av analysane for å tilpasse utdanningstilbodet til arbeidslivet sine behov

I høyringa er det spelt inn forslag om at samarbeidsmodellen må inkludere det kommunale nivået tydelegare. Kommunane er særskild viktige som både skuleeigar og arbeidsgjevar, og vil ha ein naturleg rolle i eit slikt samarbeid. I planen er omgrepet arbeidsliv nytta for å inkludere både privat og offentleg sektor. Det har kome innspel på at behovet for kompetanse i offentleg sektor må tydelegare fram i planen. Dette er gjort meir eksplisitt i endeleg planforslag.

Kapittel 4

I høyringa vart behova til små og mellomstore bedrifter tatt opp. Det er behov for ekstraordinære tiltak, spesielt for små og mellomstore bedrifter som står utanfor etablerte klyngesamarbeid. Slike tiltak gjeld både etter- og vidareutdanning og rekruttering som følge av ordinære utdanningsløp. Problemstillinga kring kompetansebehov og finansiering av etter- og vidareutdanning i små og mellomstore bedrifter vert understreka i planen. I Hordaland er det mange små og mellomstore bedrifter, som verken har kapasitet eller ressursar til å sikre at bedrifta har den kompetansen som er påkravd. Det same gjeld for dei små kommunane. For det første er det vanskeleg for desse verksemdene å *identifisere* kva kompetanse dei treng for å ha nødvendig konkurransekraft i eit samfunn med høg endringstakt. For det andre er det krevjande å *finansiere* etter- og vidareutdanning for sine tilsette når gevinsten av ei slik investering ligg fram i tid. I tiltak 4.1 er et framsett forslag om å samordne moglege finansieringsordningar for å sikre arbeidstakarar i små og mellomstore bedrifter relevant etter- og vidareutdanning.

Eit anna innspel til dette kapittelet er at det er viktig å utvikle ei realistisk ordning kor ein ikkje mister støtte frå NAV om ein tar vidare- eller etterutdanning. Problemstillinga rundt dei som fell utanfor arbeidsmarknaden er belyst i kapittel 4, særleg med tiltak om å kunne kombinere økonomiske ytingar og utdanning. Tiltak 4.2 føreslår å samordne relevante verkemidlar og støtteordningar for dei som har falle ut av arbeidsmarknaden og dei som ikkje har fullført utdanning.

Kapittel 5

Behovet for eit heilskapleg utdanningssystem er understreka i fleire høyringsuttaler. Dette er også grundig belyst i planen. Meir konkret i høyringsuttala er grunnskulen sin rolle som fundament for vidare utdanningsval og kunnskap. Dette er gjort tydelegare i endeleg planutkast.

Fleire høyringsinnspel frå Sunnhordland seier at det er ikkje samsvar mellom dei gode intensjonane i planen og realitetane når skulebruksplanen legg ned skulen på Rubbestadneset. Planen seier at sjølv om det er balanse mellom tilbod og etterspurnad av arbeidskraft for fylket som heilskap, kan det vere ubalanse på eit lågare geografisk nivå. Bergen utgjer eit sentrum i Hordaland kor dei fleste utdanningstilboda er samla, men mange av utdanningsinstitusjonane er spreidde geografisk, spesielt yrkesretta utdanning. Dei som etterspør arbeidskraft er og spreidd utover i fylket. Generelt vil det vere slik at jo nærare føretaka er lokalisert utdanningsinstitusjonane, jo lettare vil det vere å få tilgang på kompetent arbeidskraft. Mobiliteten til både elevar og arbeidstakarar utanfor bergensområdet er i tillegg låg. Lokalisering av utdanningsinstitusjonane og utdanningstilboda vil difor ha betyding for om arbeidslivets behov på lokalt nivå blir dekkja. Eit spreidd utdanningstilbod bør difor i utgangspunktet samsvare med næringsstrukturen.

Kapittel 6

Karriererettleiing vert i høyringsuttala oppfatta som eit viktig middel for å sikre at elevar og arbeidstakarar vert rusta for ein arbeidsmarkand i kontinuerleg endring. Endringskompetanse vert sentralt. Kvart individ vil i større grad måtte tilpasse seg eit skiftande arbeidsliv. Den einskilde arbeidstakar må i tillegg kjenne til og kunne kommunisere korleis eigen kompetanse kan nyttast på andre område.

Grunnskulen har fått ei viktig rolle etter innføring av faget utdanningsval. Her vert fundamentet for karriererettleiing og karrierelæring lagt. I høyringsinnspela er det tatt fram at grunnskulen må få ei

tydelegare rolle i karriererettleinga. Det fordrar tettare samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen/høgare utdanningsinstitusjonar.

I planen er det drøfta korleis rådgivarar kan auke kjennskapen til den lokale arbeidsmarknaden. Noko av utfordringa med å halde seg oppdatert på arbeidsmarknaden og innhaldet i ulike yrke er at ting endrar seg fort. Ein arena der dei ulike aktørane kan møtast fast for å utveksle informasjon og utfordringar, både i arbeidslivet og i skulen, vil kunne bidra til auka kunnskap om arbeidsmarknaden. I høyringa er det meir konkret gitt innspel om å auke involvering av næringsliv i karriererettleinga. Dette er ivaretatt i planen.

Generelle innspel:

I handsaming av planprogrammet i 2015 vart plantema definert og prioritert. Hovudfokuset vart retta mot samanhengen mellom arbeidsliv og utdanning og utfordringar som har betydning for at arbeidslivet opplever problem med tilgang på tilstrekkeleg og rett kompetanse. Eit sentralt mål har vore å utforme ein plan som kan vere dynamisk og bidra til å handtere endringar i arbeidsmarknaden. Det har kome innspel i høyringa om at det burde vere meir konkrete tiltak for inkludering av flyktingar og andre grupper som fell utanfor arbeidslivet i planen. I planen er det ikkje framsett eksplisitte løysingar for ulike grupper som fell utanfor arbeidslivet, men utanforskap er meir generelt sett i lys av korleis utdanningssystemet saman med NAV kan gi eit tilbod til dei som ikkje har fullført ei utdanning.

Konkrete kompetansebehov i viktige sektorar i Hordaland er ikkje omtala eksplisitt i planen. Det er også poengtert i høyringa. Målet for planprosessen har vore å etablere eit system som gjer oss rusta til møte eit samfunn i kontinuerleg endring, mellom anna ved auka samarbeid regionalt og gjennom konkrete tiltak. Det har vore eit bevisst val å ikkje gå inn i utvalde næringar som utgangspunkt for arbeidet. Som oppfølging av planen er det i tiltak 4.1 føreslått å fremje ordningar for å identifisere kompetansebehov i arbeidslivet som grunnlag for utvikling av konkrete etter- og vidareutdanningstilbod og nye utdanningar.

VURDERING AV ENKELTINNSPEL

Under fylgjer ei oversikt over innspel og endringsforslag frå høyringspartane, uttala i sin heilskap finst i vedlegg 1.

Frå kommunar

<ul style="list-style-type: none">▪ Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune¹	
<ul style="list-style-type: none">▪ Kommunen vil understreka at utkastet til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er ein svært god reiskap for å dekkja behov for utdanna arbeidskraft på ulike nivå i næringane i Hordaland. Dette, dersom planen vert enno meir konkretisert	<ul style="list-style-type: none">▪ Det er utarbeida ein eigen handlingsplan som ein del av den regionale planen med konkrete tiltak for oppfølging, ansvarlege

¹ Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune har sendt inn tre høyringsuttalar. Dei er alle basert på same innspel frå Gode Sirklar og vert her handsama samla.

og etter kvart sett ut i livet gjennom handling.	institusjonar og finansiering.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Eit overordna mål skulle gjerne ha ein ambisjon som inneheld målsetting om å dekkja kompetansebehov som styrkjer næringslivet si konkurransevne og bærekraft. Det er eit poeng å uttrykke dette eksplisitt for å vere proaktiv i ei utvikling med store og raske endringar. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det vil bli gjort endringar i målkapittel for å gjere samanhengen mellom mål og konkurransevne og bærekraft meir eksplisitt.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Samarbeidsmodellen som nemnst i kapittel 3 må i tillegg til aktørane som er nemnde i utkastet, innehalde det kommunale nivået. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I planen er det sagt at vi skal utvikle eit samarbeid som dekkjer dei viktigaste sektorane i arbeidslivet og tar omsyn til geografiske skilnader ▪ <u>Innspela frå kommunane</u> vert viktig i utforminga av samarbeidsmodellen hausten 2017
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Samarbeid for å bidra til motivasjon, interesse og gode val i vidare utdanning startar i grunnskulen. Planen må tydelegare si noko om korleis vi konkret skal trekkja inn den delen av utdanninga som i stor grad legg grunnlaget for val i utdanningsløpet 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Dette er ivaretatt i kapittel 5.4 og kapittel 6 i planen gjennom tettare samarbeid mellom rådgjevarar på ulike utdanningsnivå.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det må sikrast at det er god dialog og samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande skule, ikkje minst for å motverke fråfall (29500 i alderen 25-49 år utan fullført vidaregåande opplæring i 2015) 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I planen er det understreka at utdanningssystemet må sjåast som ein <i>heilskap</i> med ulike delar som heng nøye i hop. Fundamentet vert lagt i grunnskulen. ▪ Problemstillinga kring fråfall er ikkje eksplisitt tatt opp i planen, men er ei problemstilling å ta opp i eit framtidig samarbeidsforum for å sikre at det vert ivaretatt av relevante aktørar
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Behovet for kompetanse i offentlig sektor i samband med dei omstillingsbehov i offentlig sektor har framover, skulle koma meir eksplisitt fram i planen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I planen er arbeidsliv nytta for å famne over både offentlig og privat sektor. Basert på innspelet er dette gjort meir tydeleg i planen. ▪ Dette vil også bli belyst i endeleg plandokument gjennom døme på kompetansebehov i

	offentleg sektor basert på prognosar
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Understrekar behovet for ekstraordinære tiltak for små og mellomstore bedrifter som står utanfor etablert klyngesamarbeid . Slike tiltak gjeld både etter- og vidareutdanning og rekruttering som følge av ordinære utdanningsløp. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Problemstillinga kring kompetansebehov og finansiering av etter- og vidareutdanning i små og mellomstore bedrifter vert understreka i kapittel 4 i planen og i tiltak 4.1
<ul style="list-style-type: none"> ▪ For å skaffe tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft må det utviklast meir effektive og smarte måtar å fange opp behov for arbeidskraft, på lokalt nivå. Det er ein problemstilling som kan adresserast med ny teknologi betre enn i dag, og som kan vera tema for innovasjon og forskning. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Dette er eit sentralt tema i planen, og i det nasjonale pilotprosjektet som Hordaland leiar. Det er ei utfordring som passar som tema for prosjektsamarbeid.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Næringslivet kan gjerne i større grad involverast i arbeidet med karriererettleiing, særleg på lokalt nivå. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kapittel 6 i planen viser til behovet for ein arena der dei ulike aktørane kan møtast fast for å utveksle informasjon og utfordringar, både i arbeidslivet og i skulen. Det vil kunne bidra til auka kunnskap om arbeidsmarknaden. ▪ Næringslivet kan involverast i dette arbeidet. Dette vil bli presisert i endeleg plandokument

Kvinnherad kommune	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ I Kvinnherad utgjer den samla sysselsettinga no under halvparten av befolkninga. Eldrebølgja vil få store konsekvensar for det samla pleie- og omsorgsbehovet. Husnes sin status som regionsenter er viktig då ein aukande del av befolkninga vil bu sentralt i tettstadar. Sentrumsfunksjonen kan vera med å stabilisera innbyggjartalet og vera rekrutterande i høve tilflytting til kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Eldrebølgja er nemnt som ei av dei sentrale drivarane for endring i samfunn og arbeidsliv. Det vil også føre til endra behov for arbeidskraft og kompetanse, inkludert endringskompetanse. ▪ Husnes sin status som regionsenter inneber at dei skal ha funksjoner og tenester for eit definert omland, utover kommunegrensar
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Per i dag har kommunen bruk for høgskulekompetanse innan språkpedagogikk, sjukepleie, vernepleie og 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I kapittel 3 i planen er det understreka at ved å etablere eit tettare

<p>barnevernspedagogikk. Eldrebølgja vil krevje stor kommunal innsats både i form av omsorgsteknologiske løysingar og rekruttering av helsepersonell.</p>	<p>samarbeid mellom dei som etterspør kompetanse og dei som tilbyr kompetanse, vil det vere mogleg å handtere både dei store endringsprosessane som slår inn i den regionale arbeidsmarknaden og større kriser som ikkje er forventa. Gjennom eit langsiktig og systematisk samarbeid kan aktørane saman tilpasse utdanningstilbodet til dei nye behova som er i ferd med å vekse fram. Kommunane er ein naturleg samarbeidspartnar her.</p>
<ul style="list-style-type: none"> ▪ I tillegg til fagutdanning i helsesektoren, er det naudsynt med kompetanse på endringsarbeid. Det er arbeidstakarane som må vere drivarane for effektivitet og innovasjon. Omstillingskompetanse bør inn i grunnutdanninga 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ World economic forum har lista opp det dei meiner blir dei 10 viktigaste ferdigheitene i 2020. Desse ti er kompleks problemløysing, kritisk tenking, kreativitet, leiing av personal, koordinere andre, emosjonell intelligens, dømmekraft og fatte avgjersler, serviceinnstilling, forhandling, samt kognitiv fleksibilitet. ▪ Den generelle delen av læreplanen tek opp i seg mykje av dette.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utdanningsinstitusjonane må leggja til rette for enkle utdanningsløp for innvandrarakar med låg eller manglande grunnkompetanse. For å sikra at desse innvandrarakarane får eit slikt tilbod, bør finansieringa for desse utdanningsløpa koma frå statsbudsjettet. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I planprosessen er det gjort avgrensingar av plantema. Gruppa utan formell grunnkompetanse er omtala i planen, men ikkje flyktningar eksplisitt. ▪ Problemstillinga rundt dei som fell utanfor arbeidsmarknaden er belyst, særleg med tiltak om å kunne kombinere økonomiske ytingar og utdanning.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilrettelagt fjernundervisning kan vera ei løysing for familiefolk 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Dette er ivaretatt i plandokumentet ▪ Kapittel 5 i planen understrekar at generelt vil det vere slik at jo nærare føretaka er lokalisert

	<p>utdanningsinstitusjonane, jo lettare vil det vere å få tilgang på kompetent arbeidskraft. Mobiliteten til både elevar og arbeidstakarar utanfor bergensområdet er i tillegg låg. Lokalisering av utdanningsinstitusjonane og utdanningstilboda vil difor ha betydning for om arbeidslivets behov på lokalt nivå blir dekkja. Eit spreidd utdanningstilbod bør difor i utgangspunktet samsvare med næringsstrukturen. Jo mindre forhold, jo vanskelegare vil det vere å oppretthalde det faglege tilbodet over tid. Ein digital infrastruktur med fjernundervisning kan bidra til å møte utfordringa</p>
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er ønskeleg med noko tydelegare tiltak knytt til ein heilskapleg modell for ei gjennomgåande rådgjevings- og karriererettleiingsteneste som inkluderer både ungdomskular og vidaregåande skule i kommunen. Ei gjennomgåande rådgjevingsteneste vil og i større grad kunne medverke til ei tettare oppfølging og karriererettleiing for ungdom med minoritetspråkleg bakgrunn, sett op mot behova i den lokale arbeidsmarknaden. Relevant og framtidretta kompetanse er viktig for å sikre eit stabilt innbyggjartal i kommunen. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tiltak 6.3 i handlingsplanen vil sikre ei heilskapleg tilnærming til karriererettleiing

Bømlo kommune	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Balansen mellom tilbod og etterspørsel må sikrast i alle delar av fylket og lokalt næringsliv og lokale styresmakter. Lokalt næringsliv/styresmakter må ha reell påverknad på dei prosessane som skal sikre balansen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunane har høve til å påverke vedtaka i prosessen knytt til skulebruksplanen.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen konstaterer at det er samanheng mellom tilgang på arbeidskraft og lokalisering av utdanningsinstitusjonar. Bømlo kommune er særst nøgd og samd med formuleringa og at dette også må realiserast i praktisk politikk. Det er ikkje samsvar mellom dei gode 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Her må det gjerast vurderingar av kor stort nedslagsfelt ei vidaregåande skule med sine utdanningstilbod har i høve til næringslivet.

<p>intensjonane i planen og realitetane når skulebruksplanen legg ned skulen på Rubbestadneset. Hordaland fylkeskommune må difor gjere ei ny vurdering av sitt lokaliseringsvedtak, særleg med omsyn til den industrisatsinga som no skjer i Rubbestadneset</p>	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Målet med skulebruksplanen er å sjå på utdanningstilbodet i Sunnhordland i samanheng.
---	---

Bergen kommune	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunen har behov for tilstrekkeleg arbeidskraft med relevant utdanning og kompetanse. Rett dimensjonering er avgjerande. Det gjeld særleg innan helse og omsorg og undervisningssektoren. Det må utdannast nok kandidatar innan desse områda. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennom eit langsiktig og systematisk samarbeid kan aktørane saman tilpasse utdanningstilbodet til dei nye behova som er i ferd med å vekse fram. Her er det påkravd med gode analysar og prognosar. Kommunane er ein naturleg samarbeidspartnar her.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er viktig med tett kontakt og moglegheit for fleksible overgangar mellom nivåa i utdanningssystemet. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen legg vekt på gode og fleksible overgangar mellom utdanningsnivåa
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Omstillingsdyktighet er viktig i arbeidsliv og utdanningssystem. Ein føresetnad er å fange opp endra og nye behov . 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ World economic forum har lista opp det dei meiner blir dei 10 viktigaste ferdigheitene i 2020. Desse ti er kompleks problemløysing, kritisk tenking, kreativitet, leiing av personal, koordinere andre, emosjonell intelligens, dømmekraft og fatte avgjersler, serviceinnstilling, forhandling, samt kognitiv fleksibilitet. ▪ Tiltak 4.3 vil leggje til rette for at entreprenørskap, innovasjon og ferdigheiter for framtidens arbeidsliv får større fokus i heile utdanningsløpet ▪ Planen har fokus på dei som ikkje har fullført ei utdanning, både dei som står i og utanfor arbeidsmarknaden
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Teknologi skaper nye moglegheiter for å produsere tenester. For å utnytte dette må det vere fleksible utdanningsløp både innan primærutdanningar og i EVU, slik at den einskilde og samfunnet kan nytte og utvikle kompetansen best mogleg. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen legg vekt på å utvikle EVU som kan bidra til å utvikle kompetansen til dei tilsette, samt primærutdanningar som

	enkelt kan byggjast på med ny kompetanse
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppdatert kunnskap og etterutdanning er viktig for å sikre fagleg kvalitet hos rådgjevarar. Kjønnssdeling i arbeidsmarknaden bør problematiserast i samband med kompetansehevinga i rettleiingstenesta. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tiltak 6.2 vil sikre styrka kompetanse i karriererettleiing. Kjønnssdeling i arbeidsmarknaden er eit naturleg tema å diskutere i ein framtidig samarbeidsarena.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bergen kommune ynskjer initiativet om ein samarbeidsarena velkommen. Ein slik forpliktande og regelmessig kontakt mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane vil vere eit avgjerande bidrag til å nå målsettingane i planen 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med ein samarbeidsarena starter hausten 2017. Det er ynskjeleg at Bergen kommune bidreg aktivt.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ For Sunnhordland er det avgjerande at regionen har eit utdanningstilbod som er tilpassa næringslivet sine behov. Det vert difor ikkje samsvar mellom dei gode intensjonane i planen og nedlegging av dei vidaregåande skulane i Rubbestadneset og i Etne. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Etne er eit gjennomført politisk vedtak. Målet med skulebruksplanen er å sjå på utdanningstilboda i ein region under eitt.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Dei vidaregåande skulane er heilt avgjerande for å leggja grunnlaget for den kompetansen arbeidslivet treng, og fleksibiliteten må vektleggjast sterkt. Det må og gjerast tiltak der regionane vert sterkare høyrte i prioritering av linjeval 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis kan regionane bli sterkare høyrte i prioritering av linjeval?

Hardangerrådet IKS	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Den generelle uvisse om morgondagens behov og strukturelle utordringer kjem tydlegast fram i planen. Me forstår det er vanskeleg å sei noko konkret, og at det nok er handlingsdelen som skal stå for dei fleste konkretiseringane, men det bør kanskje vere mogleg å gå litt lenger inn i detaljane i sjølve planen. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er utarbeida ein eigen handlingsplan som ein del av den regionale planen med konkrete tiltak for oppfølging, ansvarlege institusjonar og finansiering. ▪ Det vil bli utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som skal ligge til grunn for dette arbeidet – og som vil peike på utfordringar i Hordaland per i dag
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Reiseliv og turisme er ikkje nemnt i planen. Ein plan for den type kompetanse er avgjerande ofr å utvikla 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen har tatt utgangspunkt i at arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant

<p>arbeidsplassar for framtidig utvikling og vekst av arbeidsplasser innanfor dette feltet i heile fylket</p>	<p>arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov. Det er ikkje gått i djupna på behov i ulike sektorar. Planen har eit langsiktig perspektiv og kompetansebehova endrar seg hurtig. Dette vil bli konkretisert i oppfølginga av planen.</p>
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Landbruk er ikkje nemnt. Rett kompetanse vil vera avgjerande for utvikling og vekst i denne næringa. Desentraliserte utdanningstilbod innanfor landbruksfaget vil i mange høve vera einaste moglegheit for å kombinere utdanning med gardsdrift for unge som ønskje rå ta over landbrukseigedomar 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen har tatt utgangspunkt i at arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov. Det er ikkje gått i djupna på behov i ulike sektorar. Planen har eit langsiktig perspektiv og kompetansebehova endrar seg hurtig. Dette vil bli konkretisert i oppfølginga av planen.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Etablerarretteiing er ikkje nemnt. Planen går kanskje i litt for stor grad ut frå at ein innbyggjar skal verta arbeidstakar i ei allereie eksisterande verksemd. Kva med dei som vil starta eiga verksemd, og skapa nye arbeidsplassar? 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tiltak 4.3 vil leggje til rette for at entreprenørskap, innovasjon og ferdigheiter for framtidens arbeidsliv får større fokus i heile utdanningsløpet. Det er eit viktig utgangspunkt for å starte eiga verksemd og skapa nye arbeidsplassar. ▪ Det er etablert eit Etablerersenter som driftast av Hordaland fylkeskommune på vegne av medlemskommunane
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vil oppmode om å styrka tilbodet ved Odda vidaregåande skule og Norheimsund vidaregåande skule. Det vil også vere viktig å styrkja lokal fagutdanning med bakgrunn i den kompetansen som i dag finst ved Hjeltnes i Ulvik 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen har ikkje høve til å gå inn i eit slikt detaljnivå. Dette er avgjersler som vert tatt i prosessen kring skulebruksplanen.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis kan dei vidaregåande skulane verta meir robuste for svingingar i konjunktur og elevtal? Her er planen taus. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I tiltak 5.4 er det føreslått å utarbeide ein beredskapsplan for tiltak som kan kompensere for vanskar som konjunktursvingningar medfører for gjennomføring av opplæring, til dømes opprette vg3 i skule ▪ Det er føyd til i planen at ein og må prøve å utvikle metodar for

	<p>å fange opp konjunktursvingingar og justere tilbudet i samsvar med dette.</p>
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er også vesentleg at ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft faktisk bidrar til å ta vare på moglegheiter ute i distrikta. Det er også viktig med tanke på involvering av næringslivet lokalt. Det er lettare å involvere seg i lokale problemstillingar. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I kapittel 5 i planen er problemstillinga drøfta. Generelt vil det vere slik at jo nærare føretaka er lokalisert utdanningsinstitusjonane, jo lettare vil det vere å få tilgang på kompetent arbeidskraft. Mobiliteten til både elevar og arbeidstakarar utanfor bergensområdet er i tillegg låg. Lokalisering av utdanningsinstitusjonane og utdanningstilboda vil difor ha betydning for om arbeidslivets behov på lokalt nivå blir dekkja. Eit spreidd utdanningstilbod bør difor i utgangspunktet samsvare med næringsstrukturen. Jo mindre forhold, jo vanskelegare vil det vere å oppretthalde det faglege tilbudet over tid. Ein digital infrastruktur med fjernundervisning kan bidra til å møte utfordringa.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Elevar vel i flokk. Planen burde ta for seg korleis ein kan motivere elevar til å velja utdanning som kanskje ikkje er mest populær i dag, mens om vil verta stadig viktigare i framtida 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ungdomsskuletrinnet har fått styrka sin posisjon som arena for karriererettleiing gjennom innføring av det obligatoriske faget utdanningsval i 2008. I grunnskulen er det rom for å påverke både haldningar, motivasjon og elevane sitt opplevde handlingsrom. Ein arena der dei ulike aktørane kan møtast fast for å utveksle informasjon og utfordringar, både i arbeidslivet og i skulen, slik det blir skissert i planen, vil kunne bidra til auka kunnskap om arbeidsmarknaden og meir merksemd kring korleis ein kan motivere elevane.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ei auka bevisstgjerung og tilpassa marknadsføring av fastlandsindustrien vil kunne bøte på svingingar i etterspurnad etter m.a TIP. I Hardanger er industrien viktig for busetnad, arbeidsplasser og kjøp og sal av tenester. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tiltak 4.1 i handlingsplanen vil fremje ordningar for å identifisere kompetansebehov i arbeidslivet som grunnlag for utvikling av konkrete etter- og

vidareutdanningstilbod og nye utdanningar

Frå utdanningsinstitusjonar

Høgskuleundervisning i Hardanger	
<ul style="list-style-type: none">▪ Plandokumentet tar opp vesentlige utfordringar i den tida vi lever i. Eit av dei viktigaste- og vanskelegaste-punkta som er drøfta, er det faktum at ein ikkje kan slå fast med sikkerheit at det er rasjonelt å dimensjonere etter konjunkturelle forhold. Ein kjenner ikkje til varigheten av en bransjemessig svinging, og risikerer dermed eit evig etterslep av overskot eller underskot av ulike typar kompetanse. I en slik situasjon vert det ekstra viktig med fleksible løysingar og desentralisert undervisning.	<ul style="list-style-type: none">▪ Problemstillinga kring dimensjonering etter konjunkturar er problematisert i kapittel 5 i planen. Lokalisering av utdanningsinstitusjonar, inkludert fjernundervisning og digitale løysingar er omtala i same kapittel.
<ul style="list-style-type: none">▪ Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger støtter prinsippet med livslang læring og karriererettleiing. Morgondagens arbeidstakarar treng både ein økt evne til omstilling og ein tryggleik for at det går an å endre karriereveg.	<ul style="list-style-type: none">▪ Mål for kapittelet om utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing: Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.
<ul style="list-style-type: none">▪ Planen må legge større vekt på vidareutvikling av desentraliserte utdanningstilbud. Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger vil kunne organsiere slike tilbud på flere steder i Handangerregionen. Det er eit aukande behov for kortare og lengre kurs som ikkje treng vere studiepoenggivande, spesielt innan reiseliv	<ul style="list-style-type: none">▪ Lokalisering av utdanningsinstitusjonane og utdanningstilboda vil ha betydning for om arbeidslivets behov på lokalt nivå blir dekkja. Eit spreidd utdanningstilbod bør difor i utgangspunktet samsvare med næringsstrukturen. Jo mindre forhold, jo vanskelegare vil det vere å oppretthalde det faglege tilbudet over tid. Ein digital infrastruktur med fjernundervisning kan bidra til å møte utfordringa
Utdanning i Bergen	
<ul style="list-style-type: none">▪ Dialog, samarbeid og samhandling på tvers av sektorane vil vere vesentlige føresetnader for å nå måla i planen. Vår region har gode føresetnader for å	<ul style="list-style-type: none">▪ I tilhøyrande handlingsplan vil ansvar for oppfølging, samarbeidspartnarar og finansiering kome eksplisitt

<p>lykkast med dette, med lange tradisjonar og vilje til samarbeid. Det er mykje som blir gjort i ulike formelle eller uformelle konstellasjonar allereie. Det er også viktig å trekkje fram rolla enkeltindivid spelar som initiativtakarar, nettverksbyggerar og pådrivarar for samarbeid på tvers. Støtter forslaget i planen om at ansvar og oppfølging av plantema bør fordelast tydelegare. Det er også behov for betre informasjonsflyt om aktivitetane og initiativ som føregår.</p>	<p>fram. Arbeidet med en samarbeidsarena for kompetanse startar opp hausten 2017, det vil vere ei føresetnad for å nå måla i planen.</p>
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Faktorane som påverkar val av studie er samansett og modnast over tid. Kvalitet i rekruttering oppstår når elevane har blitt inspirert til å ta bevisste og sjølvstendige val. Synleggjering av moglegheiter i arbeidslivet har tyding for val av studiar. Utdanning i Bergen støtter oppfordringa i planen om meir samarbeid om faget utdanningsval og tiltak for å gjere faget meir likt mellom skulane. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen understrekar korleis grunnskulen er eit fundament i karrierelæring, og tiltak 6.2 viser til auka formell kompetanse for rådgjevarar.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utdanning i Bergen synst det er særst positivt at måla i planen operasjonaliserast i ein handlingsplan, og ynskjer dialog rundt samarbeid og ansvarsfordeling under kapittel 5. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med ein samarbeidsarena for kompetanse startar hausten 2017, Utdanning i Bergen er ein naturleg samarbeidspartnar.

VID Vitenskapelige høyskole	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ VID ønsker invitasjon til et tettare, langsiktig og systematisk samarbeid med fylkeskommunen velkommen. Høyskolen vil gjerne bidra i samarbeidet om å utvikle den riktige og beste kompetansen i regionen. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med ein samarbeidsarena for kompetanse startar hausten 2017, VID er velkommen til å bidra.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ I handlingsplanen er ansvar synleggjort, og særleg i kapittel 4 er utdaningssektorens ansvar framtrepende. VID vil med dette henstille om at høgskulen inkluderast i arbeidet. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er oppdatert for å spegle bredda i utdanningsinstitusjonane

Hordaland fagskulestyre	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Avsnittet fem på side 14 bør endrast etter vedtak gjort i Hordaland fagskulestyre 5. mai 2017 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er oppdatert i endeleg planutkast
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Punkt 5.2 siste del bør endrast etter handsaming i Stortinget 2. mai 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er oppdatert i endeleg planutkast

Universitetet i Bergen	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Råd for samarbeid med arbeidslivet ved UIB arbeider med ein handlingsplan for samarbeid med arbeidslivet i perioden 2017-2022, den skal handsamast i styret i november 2017. Det er moglege samanfallande tema og målsettingar i dei to planane, det gjeld særleg kapittel 4 og tiltak 4.1/4.3 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ein samarbeidsarena for kompetanse er ein naturleg plass å sikre god koordinering mellom dei ulike handlingsplanane.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tiltaka 5.8 og 5.9 samsvarer godt med konklusjonane i rapporten «Praksis i utdanningane ved UiB» frå 2016. UiB imøteser gjerne eit samarbeid knyta til desse punkta. UiB støtter tiltak 5.10 og bidrar gjerne inn i eit samarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med ein samarbeidsarena for kompetanse startar opp hausen 2017, det er ynskjeleg å ha UiB med som ein sterk bidragsyter.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ UIB viser til pågåande arbeid med å fornye samarbeidsavtaler mellom UiB og HFK om skulesamarbeid. Avtalen gjev rom for å knytte UiB og HFK som skuleeigarar tettare saman. Det er opning for å fremme forslag om nye tiltak i desse avtalene. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Dette er eit godt utgangspunkt for å gjennomføre tiltaka i kapittel 5.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Universitetet i Bergen ynskjer også i framtida å være ein sentral aktør i kompetansebygginga, lokalt, regionalt og nasjonalt. Dei har verdifulle bidrag innan utdanning og forskning. Dei er ein pålitelig og stabil leverandør av høg kompetanse innan eit bredt fagområde. Dei ynskjer vidare kommunikasjon rundt dette. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med ein samarbeidsarena for kompetanse startar opp hausen 2017, det er ynskjeleg å ha UiB med som ein sterk bidragsyter.

Frå regionale statsetatar

Fylkesmannen i Hordaland	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Slik fylkesmannen ser det er planforslaget ryddig og oversiktleg, og tar opp i seg relevante problemstillingar på ein god måte. 	

Frå medlemsorganisasjonar

Opplæringskontoret i Hardanger	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Understrekar behovet for digital infrastruktur; særleg for å sikre teoridelen i programfaga i vidaregåande opplæring (for lærlingar). Om det er mogleg å lage eit undervisningsopplegg som fungerer med fjernundervisning vil dette vere eit stort framsteg for yrkesopplæringa, særleg i distrikta. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kapittel 5 i planen understrekar at eit spreidd utdanningstilbod bør difor i utgangspunktet samsvare med næringsstrukturen. Ein digital infrastruktur med fjernundervisning kan bidra til å møte utfordringa

Stord næringsråd

<ul style="list-style-type: none">Planen er viktig og tar opp mange relevante tema og utfordringar. Veldig positivt at det vert sett fokus på karriererettleiing. Her må ein ta med også ungdomsskule og overgang ungdomsskule/vidaregåande skule.	<ul style="list-style-type: none">I tiltak 6.3 er det framsett utvikling av modellar for meir samarbeid om karriererettleiing mellom utdanningsnivåa, med ansvarlege partar og finansiering.
<ul style="list-style-type: none">I målsettinga må ein vera enda meir proaktive med å skape læringsmiljø som utdannar framtida arbeidsskaparar, oppfinnarar og entreprenørar. For å utdanne arbeidsskaparar for framtida må ein tenke kreativitet og teknologi, Stord Næringsråd trekk fram prosjektet «lær kidsa koding». Ein bør satse på mellom anna Ungt Entreprenørskap for å skape grunnlag for gründerskap	<ul style="list-style-type: none">Tiltak 4.3 vil leggje til rette for at entreprenørskap, innovasjon og ferdigheiter for framtidas arbeidsliv får større fokus i heile utdanningsløpet.
<ul style="list-style-type: none">Meir informasjon i ungdomsskule og vidaregåande skule om Fagskule sin funksjon	<ul style="list-style-type: none">Tiltak 5.6 ynskjer å styrke informasjon til elevar på ungdomsskular og vidaregåande skular om fagskule som vidare utdanningsveg og som overgang til universitet og høgskule
<ul style="list-style-type: none">Viktig å samarbeide på tvers av fylkesgrenser for å møte behov for fleksibilitet og mobilitet	<ul style="list-style-type: none">Innspelet går utanfor mandatet for planen, men vil formidlast vidare i naturlege fora.
<ul style="list-style-type: none">Med ein open, eksportretta økonomi – i stor grad retta mot råvareproduksjon, må ein ta høgde for større konjunktursvingingar. Både arbeidsinnvandring og periodar med aukande arbeidsløyse må sjåast som ein del av fleksibiliteten for verksemdar. I periodar med lågkonjunktur må verksemdene og det offentlege saman finne løysingar for å ta i vare og vidareutvikle kompetansen.	<ul style="list-style-type: none">Tiltak 5.4 vil utarbeide beredskapsplan for tiltak som kan kompensere for vanskar som konjunktursvingingar medfører for gjennomføring av vidaregåande opplæring; t.d opprette vg3 i skule. Planen legg og stor vekt på utvikling av gode etter- og vidareutdanningstilbod.
<ul style="list-style-type: none">Det er ein stor verdi for Hordaland at halvparten av elevane vel ei yrkesopplæring på vidaregåande skule. Dette må Hordaland fylkeskommune ta godt vare på.	<ul style="list-style-type: none">Ambisjonen til Hordaland fylkeskommune er at 50 % av ungdommane i fylket skal velje yrkesfag på Vg1.
<ul style="list-style-type: none">Så lenge ein ikkje har ein felles bu- og arbeidsregion i Hordaland må ein basere	<ul style="list-style-type: none">Kapittel 5 i planen understrekar at. Eit spreidd

<p>utdanninga av lokal arbeidskraft på lokale vidaregåande skular. Lokale løysingar gjeld også for etter- og vidareutdanning.</p>	<p>utdanningstilbod bør difor i utgangspunktet samsvare med næringsstrukturen. Jo mindre forhold, jo vanskelegare vil det vere å oppretthalde det faglege tilbodet over tid. Ein digital infrastruktur med fjernundervisning kan bidra til å møte utfordringa</p>
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Karriererettleiing er viktig. Spesielt behov for betre rådgjeving i ungdomskule og vidaregåande skule. Her er stor mangel på kunnskap om arbeidslivet. Karriererettleiing bør ha ei eiga utdanning/spesialisering. Dette vil gje betre status, så ikkje rådgjeving vert ein salderingspost. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kapittel 6 i planen viser til behovet for ein arena der dei ulike aktørane kan møtast fast for å utveksle informasjon og utfordringar, både i arbeidslivet og i skulen. Det vil kunne bidra til auka kunnskap om arbeidsmarknaden. Slike forum bør ha ei lokal forankring og setje i verk felles tiltak. ▪ Tiltak 6.2 viser til auka formell kompetanse for rådgjevarar.

Bømlo næringsråd	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bømlo næringsråd vil peika på «Bømlomodellen» for relasjon og samhandling mellom kommune, næringsliv og vidaregåande skule som eit godt døme på korleis utdanning og arbeids/næringsliv jobbar saman for å utvikle seg i takt med kompetasebehovet i kommunen og regionen vår. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Fylkesrådmannen vil sjå nærare på Bømlomodellen når ein ny samarbeidsmodell for heile fylket skal utviklast.
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bømlo næringsråd har gjennom dei siste åra generelt og det siste året spesielt observert at tenesteområda «utdanning» og «nærings/samfunnsutvikling» ikkje kommuniserer godt nok. Ei strategisk samhandling mellom desse områda og ein meir heilskapleg tankegang ville gjort godt for samfunnsutviklinga. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ambisjonen er å få dette til gjennom ein velfungerande samarbeidsmodell
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skuleutvikling er alt for viktig for samfunnet til at det kun er kortsiktige bedriftsøkonomiske omsyn knytta til skuledrift som skal vere styrande. Me oppmodar om at ein ser heilskapleg på korleis ein skal utvikle skule, lokalsamfunna, næringslivet og dermed heie Hordalandskompetansen og- konkurransekrafta. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planen legg både opp til eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bømlo næringsråd meiner at fylkestinget skal vedta rammer og at detaljbeslutningar om linjestruktur og dimensjonering bør takast på lokalt nivå. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vedtaksprosessen i slike saker er ikkje ein del av planen.

<ul style="list-style-type: none"> Planen seier det er ein klar samanheng mellom kor lett ein får tilgang på kompetent arbeidskraft og kor nær utdanningsinstitusjonane og bedriftene er lokalisert. På Bømlo er det ein variert næringsstruktur, med høg andel sysselsatte i industrien. Bedriftene konkurrerer på verdsmarknaden, med høg eksportandel. Krava til kompetanse- og teknologiutvikling er høge. Det må visa att i organisering av skuletilbod. 	<ul style="list-style-type: none"> Desse problemstillingane vil bli vurdert fortløpande
<ul style="list-style-type: none"> Godt lokalmiljø og utviklinga av desse heng nøye saman med kor lenge ungdommane er busette lokalt. Skal Bømlosamfunnet utvikla seg vidare, må ein oppretthalde og utvikla det vidaregåande skuletilbodet. Oversiktlege lokal- og skulemiljø er også viktig for å hindra skulefråfall. Fråfall har som kjend ikkje ubetydelege kostander for samfunnet. 	<ul style="list-style-type: none"> Desse problemstillingane vil bli vurdert fortløpande

Frå politiske organ

Ungdommens fylkesting	
<ul style="list-style-type: none"> Studierettleiingstenesta og rådgjevingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkøyrd studierettleiingsteneste, anonym rådgjevarevaluering, og/eller ein rådgjevingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieeval. 	<ul style="list-style-type: none"> Planen har et tydeleg fokus på samordning av karriererettleiingstenestene på dei ulike utdanningsnivåa. Forslaga vil bli vurderte i fortsetjinga.
<ul style="list-style-type: none"> Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbod må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden 	<ul style="list-style-type: none"> Det bærande prinsippet i planen er at utdanningstilbodet i større grad skal være i samsvar med arbeidslivets behov.
<ul style="list-style-type: none"> Dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt utdanningstilbod og fokusere på berekraftig utvikling, innovasjon, grønt skifte og etterspurnad 	<ul style="list-style-type: none"> Tiltak 4. 3 føreslår å leggje til rette for at entreprenørskap, innovasjon og ferdigheiter for framtidens arbeidsliv får større fokus i heile utdanningsløpet
<ul style="list-style-type: none"> Distriktskulane skal bestå 	<ul style="list-style-type: none"> Dette må vurderast ut i frå fleire faktorar.
<ul style="list-style-type: none"> Det skal opprettast fleire lærlingplasser i Hordaland, og det skal vere samsvar mellom tal elevplasser og tal lærepllasser 	<ul style="list-style-type: none"> I planen er det framsett eit mål om å sikre eit best mogleg samsvar mellom elevplassar og lærepllasser, konkretisert i tiltak 5.3 som omhandlar auka opplæringskapasitet.

- Samarbeid mellom dei tre utdanningsnivåa bør betrast

- Eit mål i kapittel 5 er eit tettare samarbeid på tvers av utdanningsnivåa for å sikre meir gjennomgåande og heilskaplege utdanningsløp, det er konkretisert i handlingsplanen i tiltak 5.10 og 5.11